

# JUSTERING AV BOMPENGE- TAKSTANE FOR FERJESAMBANDET LANGEVÅG–BUAVÅG FRÅ 01.01.2020.



Bompengeinnkrevjinga på ferjesambandet Langevåg–Buavåg er vedteken i Stortinget 16.06.2009 i samband med behandlinga av St. prp. nr. 78 (2008-2009).

Det pågår bompengeinnkrevjing til prosjektet Bømlopakken på sambandet Langevåg–Buavåg. I dag er takstane i ferjesambandet fastsette i samsvar med Riksregulativet for ferjetakstar, med ferjesambandet i prissone 6, og eit bompengepåslag på 4 takstsoner. Langevåg–Buavåg har ikkje bompengetakst for passasjerar.

Frå 1. januar 2020 vil Vestland fylkeskommune gå frå Riksregulativ for ferjetakstar til AutoPASS-regulativ på ferjestrekninga. I dag er bompengepåslaget 4 takstsoner. For å kunne legge til grunn om lag like bompengetakstar for køyretøya vil ein ta ned bompengepåslaget til 3 takstsoner i AutoPASS-regulativet. Fylkesutvalet i Vestland har i møte 3. desember 2019, sak PS11/2019, slutta seg til dette. Det vert innført bompengetakst for nullutsleppskøyretøy under 6 m i samsvar med vedtak i fylkesutvalet i Hordaland 25. oktober i sak 254/18 og igjen i fylkesutvalet 28. mars 2019 i sak 45/19.

**Tabellen under syner nye prisar etter innføring av AutoPASS-regulativet for alle takstgruppene (køyretøygruppene):**

	Bompengetakst (påslag 3 takstsoner)
AP1 < 6 m	Kr 27,00
AP2 6,01–8 m	Kr 61,00
AP3 8,01–10 m	Kr 79,00
AP4 10,01–12,5 m	Kr 88,00
AP5 12,51–14,5 m	Kr 88,00
AP6 14,51–17,5 m	Kr 98,00
AP7 17,51–19,5 m	Kr 92,00
AP8 19,51–22 m	Kr 99,00
AP9 >22m	Kr 109,00
Motorsykkel	Kr 8,00
Nullutsleppskøyretøy<6m	Kr 13,00

Merk at prisane skal oppjusterast til kr. 2020.– ved innføring av AutoPASS-regulativet 1.1.2020. Tabellen er inklusiv mva. Prisane er rekna frå dagens takstsoner for ferjetakstar på strekninga som er 6 takstsoner.

## FRITAK:

**Det vert gjeve fritak for betaling av bompengar etter ei kvar tid gjeldande takstretningsline. Per i dag gjeld dette:**

- Passasjerar i alle typar køyretøy
- Gåande og syklende
- Nullutsleppskøyretøy > 6,01 m
- Kollektivtransport i konsesjonert rute\*
- Uniformerte utrykningskøyretøy, samt sivile utrykningskøyretøy i tenesteoppdrag\*

Rabattar og fritaksordningar merka med \* krev gyldig elektronisk brikke og -avtale.

**Takstendringa kan påklagast til Samferdselsdepartementet innan tre veker frå kunngjering. Klage sendast Vegdirektoratet.**

Merk at denne kunngjeringa gjeld berre omlegging av bompengetakstar på ferjesambandet.

**For meir informasjon om innføring av AutoPASS for ferje og forskotsavtaler:** <https://www.autopassferje.no/>